

**Notat**Dato: 31.07.2015  
Arkivsak: 2014/18737-21  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Thorbjørn Aarethun, Håkon Rasmussen

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

**Mobilitetsveka 2015 - notat til styringsgruppa i Bergensprogrammet**

EMU arrangerast kvart år frå 16. til 22. september, og har som mål å oppmode lokale myndigheter over heile Europa til å innføre og støtte bærekraftige transportformer. Årets tema er «**Velg rett reisemix**», og EU-kommisjonen legg opp til at bruk av ulike transportformer og kombinasjon av disse skal vere i fokus. Intelligente transportsystem (ITS) gjer det enklare å samordne ulike reisekombinasjonar i nettbaserte bestillingssystem og smarte billettløysingar.



Mobilitetsveka i Bergen har vore gjennomført i regi av partane i Bergensprogrammet sidan 2012. Det er nedsett ein eigen prosjektgruppe som jobbar med programmet for veka, og i år blir det jobba vidare med følgjande arrangement:

	AKTIVITET
Onsdag 16. 09	<ul style="list-style-type: none"><li>• Opning om morgonen med stand 3 ulike stader i sentrum. Her blir det utdeling av frukost og anna til syklende, gåande og kollektivreisande.</li><li>• Annonsering i aviser, innslag i morgonsendinga på NRK</li><li>• Sykkel VM 2017 arrangerer «Begeistringsdagen», og det er naturleg med eit samarbeid om aktivitetar denne dagen. Mobilitetsveka vil stille med to gratis sykkelservice-stasjoner. I tillegg vil det vere mogleg å teste el-sykkel i regi av Naturvernforbundet.</li></ul>
Torsdag 17.09	<u>MULTIMODAL DAG:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Litteraturhuset er reservert og vi jobbar med å få på plass eit program med fokus på ITS og «reisemix».</li></ul>
Fredag 18.09	<u>KOLLEKTIVDAG:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Denne dagen vil vi dele ut ca 500 twistposer til kollektivreisande på 10 transportmidlar. I en av posane på kvart transportmiddel ligg ein større premie (periodekort, gåvekort el.)</li></ul>

Laurdag 19.09	<p><u>BILFRI DAG:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>I år ligg det an til å stenge Vestre Torggaten og deler av Neumanns gate. I tidsrommet 11 – 15 vil gatene bli fylt med aktiviteter som viser korleis eit byrom kan vere når bilane er borte.</li> </ul> <p><u>PARK(ING) DAY</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Verdsospennande «happening», alternativ bruk av parkeringsplasser. Det blir rulla ut gras på aktuelle parkeringsplassar og gitt rom for andre aktivitetar.</li> </ul> <p>Bilfri dag og Park(ing) day er lagt til same dag som Sentrumsforeningen arrangerer ByLørdag. Det er mykje som skjer i sentrum, og prosjektgruppa legg opp til samarbeid med andre aktuelle aktørarar for å skape «liv og røre» og oppslutning om dei ulike arrangementa.</p>
Søndag 20.09	<p><u>GÅ- OG SYKLE DAG</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Dette vil vere ein roleg dag der folk kan oppmodast til bruk av sosiale mediar for å laste opp gode turvegar, snarvegar etc.</li> </ul>
Mandag 21.09	<p><u>SAMKØYRINGS DAG</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>I samband med «Mobilitetsplan for sentraladministrasjonen og Skyss» blir det jobba med arrangement for å fremme samkøyring blant tilsette i HFK.</li> <li>Ladeplassen for el-bilar på Danmarks plass har potensial for vidare utvikling (Grønt energipunkt Danmarks plass). Det er mellom anna tenkt å etablere eit innbydande møtepunkt for dei som samkøyrar, samt lade- og parkeringsplass for el-bilar i bildeleordningar. Prosjektgruppa arbeider for å kunne realisere dei nemnte ideane slik at opninga kan markerast denne dagen.</li> </ul>
Tysdag 22.09	Står open

#### Utfordringar:

- I år er det kommune- og fylkestingsval den 14. september og den politiske situasjonen vil difor vere uviss i Mobilitetsveka. Dette kan gjere det vanskeleg å inngå avtaler med topp-politikarar om deltaking på ulike arrangement.
- Arbeidet med å utvikle «Grønt energipunkt Danmarks plass» er i startfasen. Det blir utarbeidd eit eige notat til styringsgruppa i Bergensprogrammet der prosjektering, framdrift, kostnad og finansiering vert teke opp. Tida er knapp fram til Mobilitetsveka, og det er difor uviss om ein rekk ei opning den 21.09. Prosjektgruppa har likevel som målsetting å ha ein markering den 21.09.